

Rune F. Hjemås

1977
SEKLETS SISTE SOMMAR

Novellesingel


Det Norske Samlaget
Oslo 2009

© 2009 Det Norske Samlaget
www.samlaget.no
www.runehjemas.com

Omslag: Jesper Egemar
Forfatterportrett: Mette Karlsvik

Boka er sett i Samlaget med
Adobe Garamond og Frutiger

Novellene «1977» og «Seklets siste sommar» er
henta frå novellsamlinga *Indianarar* som kjem
ut på Det Norske Samlaget i august.



RUNE F. HJEMÅS (f. 1982 i Trondheim)
debuterte i 2008 med prosasamlinga
Eg er ikkje redd, eg er ikkje redd.

INNHALD

1977 4

Seklets siste sommar 14

Eg glømte Horats 19

Legge korta på bordet 27

1977

Etter at konserten var slutt og lysa kom på i den store salen, blei eg ståande igjen framfor scenen for å sleppe unna trengselen som allereie hadde begynt å ese opp rundt dørene. Eg såg på scenearbeidarane som myldra rundt for å skru ned lysriggen og bere vekk forsterkarane; i løpet av få minutt hadde dei demontert nesten heile scenen. Skosolane klistra seg til golvet da eg snudde meg og vassa gjennom havet av tomme plastbeger som låg strødd utover. Eg fikk jakka mi i garderoben og slengte den halvvegs på meg; eg kjente, idet eg kom ut, at det kom til å bli kaldt. Det var stille. Rundt meg var det lys i alle vindua sjølv om butikkane naturlegvis var tomme på denne tida av døgnet. Fråværet lyste ut mot gata, etter stengetid sto tomheita på utstilling over heile byen.

Ein mørk skikkelse lente seg mot lysreklamen ved busshaldeplassen. Eg kryssa gata og såg at det var ei jente. Ho var kledd som meg, svarte jeans, hettegenser. Skulderveske. Tynne klede som ikkje var meint for kalde, norske busshaldeplassar i november. Ho såg vekk idet eg kom, og eg gikk og sette meg på ein benk i det andre hjørnet. I eit glimt minte den meg om benkane i ishallen, der eg hadde

sete og trædd på meg skøytene da eg spelte hockey. Ein kald, hard benk ein vil bort frå. Eg kasta eit blikk bort på jenta igjen, ho kunne ikkje vere eldre enn meg. Men kva så, tenkte eg og kikka ned på bakken der ein sigarettneip hadde frose fast til isen. Eg prøvde å pirke den laus med skoa, men den glatte gummisolen glei bare forbi, hjelpe-laust, som sommardekk på hålka.

Eg såg deg på konserten.

Eg snudde meg og såg frostrøyken som løyste seg opp rundt hovudet til jenta og blei borte i mørket.

Gjorde du? sa eg.

Ja-a, sa ho. Bra konsert.

Det synest eg òg, sa eg.

Det blei stille igjen. Ein presenning blafra hardt mot eit stillas bak oss. Eg ville seie noe meir, men eg gjorde det ikkje. I staden strekte eg meg fram for å sjå om bus-sen var på veg. Asfalten låg tom og grå bortover, såg nes-ten mjuk ut i det gule lyset frå gatelyktene. Ein drosje kom, og fór forbi. Eg såg mot jenta igjen, men ho såg ein annan veg. Bare noen snøfnugg fikk røre henne, så vidt. Dei kvervla ned og la seg på skuldrene hennes, lette og tørre, som støv.

Da eg steig opp i trappa på bussen, kjente eg ein tung varme legge seg over ansiktet. Eg lukka auga. Dei siste minutta hadde det komme fleire til haldeplassen, og eg blei ståande ei stund og vente bak ein mann som ikkje fikk til å stemple kortet sitt. Endelig kom eg forbi og

fann ein plass ved vinduet i ein ledig tosetar. Eg venta. Men da jenta hadde betalt, gikk ho rett forbi og sette seg lenger bak. Eg la hovudet mot ruta. Utanfor forvandla sentrum seg gradvis til bustadområde, det var som musikkvideoen til ein sløv synthlåt frå åttitalet: Gangbruene. Høgblokkene i mørket. Undergangane. Metallgjerda. Taggingane. Gatelyktene. Lyskryss, bensinstasjonar, folk som var ute og lufta hundane sine, kvarandre. Skuggane over snøen. Den tette, varme lufta gjorde meg døs, det trykte mot tinningane, det suste i øra.

Utanfor blei eg ståande i snøen og dra på meg vantane. Eg kjente korleis det iste i lungene da eg drog inn luft. Plutselig merka eg at det sto noen bak meg. Eg snudde meg mot jenta frå haldeplassen.

Bur du her? sa eg.

Ja.

Det visste eg ikkje.

Ho svarte ikkje. Eg begynte å gå, og hørte at ho følgde etter, eit par skritt bak. Eg stoppa igjen og snudde meg mot henne. Håret hang ned frå lua på begge sider av ansiktet hennes, eit par strå hadde klistra seg til huden. Ho drog dei vekk. Vi kan godt gå saman viss du vil, sa eg. Ho kom opp ved sida av meg. Fraus. Frostrøyk, sa eg og pusta. Ho sa ingenting. Vi gikk mot blokkene, bare snøen laga lyd, knaka mens vi gikk, som eldgamle trefjøl-ler på eit kaldt, tørt loftsgolv.

Bur du her? sa eg igjen da vi sto framfor B-inngangen.

Ja-a, sa ho.

Men eg har jo aldri sett deg ...
Ho såg seg raskt over skuldra, og så på meg igjen.
Åh, eg finn ikkje nøkkelen min, sa ho. Og så må eg
sann på do.

Er ikkje foreldra dine heime? sa eg.

Ho rista på hovudet.

Å, sa eg. Frostrøyken svall opp og forsvann, som mikro-
skopisk nordlys på ein heil himmel mellom oss. Du kan
sikkert bli med inn til oss, da.

Ho smilte skrått, og eg heldt døra open for henne.
Mens vi gikk opp trappene, hørte eg lyden av skritta våre
blande seg saman i romklengen. Eg såg for meg skoa som
flaut rundt i ein balje og støyte mjukt mot kvarandre; små
kjærteikn i gummi og tøy. Eg låste opp døra og pusta ut da
eg såg at lysa var sløkt. Dei sov, heldigvis. Eg sleppte inn
jenta og sa at ho måtte vere stille. Ho drog forsiktig av seg
skoa. Takk, altså, kviskra ho. Andre til høgre, sa eg, men
ho var allereie på veg.

Oi, kviskra ho.

Ho hadde komme inn på kjøkkenet utan at eg merka det.

Litt av ei leilegheit.

Ikkje så verst, nei, sa eg.

Ho gikk bort til eit av dei store maleria som hang på
veggen; søstera mi der ho låg henslengt i ein stol med ein
gitar over magen.

Søstera mi, sa eg.

A-ha. Ikkje så verst ho heller, da, sa jenta.

Eg trekte på skuldrene. Vil du, uh, ha noe? spurte eg og såg på kjøleskapet. Noe å ete eller drikke eller noe sånt? Eg opna døra, lyset fall inn på alt som låg der. Ostane, kjøttpålegget, mjølkekartongane. Det står cola på kjølerommet òg, sa eg.

Nei takk, sa ho.

Vi blei ståande i kjøleskapslyset utan å seie noe. Huda i ansiktet hennes såg enda bleikare ut no, i det tynne, kalde lyset.

Eg fikk tak i eit plekter ein gong, sa eg.

Har du sett dei mange gonger? sa ho.

Nja, fem trur eg. Du da?

Eg hadde bare sett dei ein gong før dette.

Ho såg på veggane igjen. Sokkane strauk mjukt over golvet når ho flytta seg. Så mange bilde det er av søstera di, sa ho. Eg tenkte at det var noe med stemma hennes, litt mørk, litt for grov. Eg følgde etter henne. Det var lenge sidan eg hadde sett ordentlig på desse bilda. No kunne eg sjå det svake omrisset av oss i glaset; innramma, men likevel bevegelig, pustande.

Du, sa ho plutselig. Kan eg få sjå rommet ditt?

Rommet mitt? sa eg. Eg veit ikkje heilt, eg.

Eg har ikkje tenkt å prøve meg på deg, altså.

Herregud, nei, eg ...

Ho såg på meg med eit heilt alvorlig uttrykk i ansiktet. Uh, ja, det er denne vegen, sa eg. Eg gikk opp trappa og merka at ho kom etter meg, sjølv om eg ikkje kunne høre det. Du må ikkje vente deg noe, da, sa eg da eg opna døra,

eg visste jo ikkje akkurat at eg skulle ha med meg ei jente heim da eg drog.

Ho gikk bort til bokhylla, blei ståande og sjå over bokryggane ei stund før ho trekte ut ei bok om verdsrommet. Og ei om indianarar. Ho la bøkene på skrivepulten og fann ein dinosaurfigur. Er den din? sa ho og lo. Ja, sa eg. Tøff, sa ho og sette den frå seg. Eg synest dette er eit bra rom, eg!

Takk, sa eg.

Ho gikk bort frå bokhylla og blei ståande litt nærmare skapet. Ho la hendene inntil kroppen. Har søstera di flytta ut? sa ho.

Hm, sa eg, det kan ein vel seie.

Kva betyr det?

Ho er død, sa eg. Men eg var bare tre år da det skjedde. Er det sant?

Ho kom bort og sette seg på senga, ein meter frå meg.

Mm, sa eg. Skateboardulykke. Eg hugsar jo så klart ikkje noe av det, men foreldra mine, dei snakka alltid om henne da eg var liten. Begynte å henge opp bilde overalt, som du ser. Ramma inn teikningar ho hadde laga. Det såg jo ut som eit jævla museum her til slutt.

Oi, sa ho. Og du, da ...?

Nei, sa eg. Eg veit ikkje. Det var ikkje så lett å leve opp til alt som *ho* hadde vore, og framleis var, i minna til foreldra mine. Ho var som ei usynlig storesøster som alltid var der og tok all merksemda. Da eg gikk på ungdomsskolen, tenkte eg at eg hata henne for det.

Skjønner, sa ho og nikka.

Eg gjorde jo ikkje det, sa eg. Det var ikkje hennes feil.

Eg reiste meg. Eg tenkte at eg hadde ingen idé om kor mykje klokka var. Det kjentest som om tida hadde stått stille, samtidig som konserten kjentest vekevis unna. Eg flytta stolen bort til skapet og henta ned ei eske som sto øvst på det. Eg bar den bort til skrivepulten og skyvde lokket forsiktig av, slik at det blei ei akkurat stor nok opning til at eg kunne stikke handa ned. Det var mykje der som eg ikkje ville at jenta skulle sjå, i alle fall ikkje akkurat no. Ho satt heilt i ro på senga med genserermene trekt over hendene. Eg fann den vesle kassetteska blant alle skriveblokkene og lausarka, opna den forsiktig og tok ut kassetten. Jenta hadde reist seg, og eg gikk mot henne. Ein kasset! sa ho. Det var det lenge sidan eg har sett.

Eg sette meg ned og la den i stereo, spola heilt tilbake og pressa play. Først hørtest ein lyd som likna vind, og eit lite dunk. Så kom gitaren. Jenta ved sida av meg hadde store, brune auge. Blikket fokuserte på noe bak meg.

Kva er det? sa ho.

Det er ho, sa eg.

Søstera di? sa ho.

Mm, sa eg.

Eg reiste meg og gikk bort til vinduet. Det var stjerneklart, og eit lite dryss av snø blåste ned frå taket idet eg kikka ut. Varmen kilte i nakken da jenta nærma seg bak meg. Eg snudde meg og såg på henne; ho var søt, men ho såg så lett ut, som om ho ikkje vog noen ting. Eg torte

ikkje røre henne. I bakgrunnen hørte eg songen til søstera mi, *don't wait for me, don't make me wait*, eg kunne heile teksten utanåt.

Har du hørt om Voyager? spurte eg.

Voyager, sa jenta. Er det ein film?

Nei, sa eg og henta boka om verdsrommet. Det er ein sonde. Eller to, egentlig. Eg fann fram til sida med bilde av Voyager 1 og 2. Her, sa eg. Dei blei sendt opp i 1977.

Å, sa ho.

Det var der dei la ved dei der gullplatene, veit du, du har vel hørt om dei?

Eg trur det.

Platene inneheldt informasjon som skulle fortelje noe om Jorda til dei som eventuelt fann dei. Teikn som ikkje eingong *våre* vitskapsfolk greidde å tyde. Og ein heil haug med lydar. Dyrelydar, tog, maskinar. Nesten som dei platene med lydeffektar dei har i radioen.

Jenta drog pekefingeren over boksida. Så trekte ho den til seg og såg ut av vinduet.

Spennande, sa ho.

Noen gonger tenker eg at den kassetten er ein sånn sonde, sa eg. Eg fann den bare ein dag, mange år etter at søstera mi dødde. Ein sonde frå dei dødes verd. Synest du ikkje det er ganske fint?

Ho såg på meg. Eg får frysningar på ryggen, sa ho.

Eg har litt lyst til å gjøre ferdig dei songane ein gong òg, sa eg. Spele dei inn ordentlig, med bass og trommer og sånn. Eg meiner, noen av dei er jo skikkelig fine.

Mhm, sa ho. Men det kjem aldri til å skje?

Eg såg på kassetteska. Hørte musikken i bakgrunnen. Gitaren. Stemma. Orda som iblant nesten ikkje kunne tydst. Plutselig kom det eit klikk, og bandet stoppa. Eg hørte pusten til jenta framfor meg, så langsam.

Nei, kanskje ikkje det, sa eg.

Jenta gikk eit par skritt bakover. Veit du kva, sa ho. Eg må gå.

Kva med nøkkelen? sa eg.

Ho pressa fingrane ned i bukselomma og drog den opp framfor meg, ein blank nøkkel mellom tommelen og pekefingeren. Eg såg på den, på henne. Nøkkelen blei tåkete da auga skifta fokus. Ein grå flekk langs kinnnet hennes. Takk for at eg fikk komme, sa ho.

Eg følgde etter henne ned trappa og ut i gangen.

Men du, sa eg. Kva heiter du egentlig?

Ho sto bøygd og tok på seg skoa, håret hang ned og skjulte ansiktet. Ho reiste seg og samla det bak hovudet i ein slags halvvegs hestehale. Så sleppte ho det ned igjen.

Ada, sa ho.

Ada?

Ja-a.

Ho løfta det eine beinet og drog skoen over hælen.

Men eg har jo aldri sett deg før, sa eg.

Eg har kanskje ikkje vore så mykje ute, sa ho. Men no kan det jo hende at vi sjåast igjen.

Ja, det kan vel hende, sa eg.

Hadet, sa ho.

Eg lukka døra til rommet mitt. Gikk bort til vinduet for å sjå om eg kunne sjå noe til Ada utanfor, men det var heilt tomt ute på plassen. For bare noen minutt sidan var ho her inne, og no var det allereie vanskelig å sjå henne tydelig for seg. Eg plukka opp bøkene som låg på skrivepulten, og sette dei tilbake i hylla. Blei ståande og sjå litt på dinosauren, lukte på den. Det lukta ikkje noe. Sjølv sagt; kva skulle det ha lukta?

Eska med søstera mi sine ting sto framleis på bordet. Eg løfta av lokket og såg på kaoset av skisseblokker og ark som låg der. Så tok eg kassetteska og gikk bort til stereo. Eg pressa «eject», og luka i kassettspelaren opna seg med eit lite klikk. Eg blei bare sittande og sjå. Kassetten var borte.

SEKLETS SISTE SOMMAR

Det loslite norske flagget blafrar hjelpelaust i vinden. Frå ein stad i retning av byen kan ein høre den metalliske lyden av kyrkjeklokker som slår. Det er søndag. Ein glasklar, varm søndag formiddag er det, og eg sitt i fluktstolen ute på bryggekanten saman med broren min. Det er stille, bortsett frå desse kyrkjeklokkene, og slik har det vore lenge. Eg og broren min, vi er gamle, det finst ikkje så mange ting vi ikkje allereie har diskutert ferdig og gjort oss opp ei meining om. Det er ein behagelig situasjon. Broren min er ikkje så vanskelig å snakke rundt. Ein dag fikk eg nesten overbevist han om at det er *han* som er den eldste av oss. Da han innsåg at han hadde blitt lurt, unnskyldte han seg med at det ikkje er noe som heiter «eldre enn» når vi begge er godt over åtti år. Han har enno sine gode augeblikk, broren min, det skal han ha, sjølv om det i grunnen blir lenger og lenger mellom dei.

Etter at vi har sete og sett på den urørlige naturen framfor oss ei lang stund, får eg likevel lyst til å seie noe, så eg kremtar og seier: Sonen din.

Broren min rykker til i stolen. Han hadde vel sovna der under solhatten sin. No myser han mot meg, og eg

ser at han ventar på at eg skal gjenta det eg nettopp har sagt.

Sonen din, seier eg. Han har da enno ganske små barn. Kvifor kjem dei ikkje ut hit, no som det er så fint?

Å, seier broren min og lener seg tilbake i stolen igjen. No er det hans tur til å snakke, og min tur til å bøye meg framover for å lytte. Ja, nei, seier han. Dei har så mykje å gjøre, veit du. Og barna i dag ... Dei synest vel ikkje det er så stor stas med båtar og sjø. Dei vil vel helst ha det på data.

Eg lener meg tilbake.

Ja ja, seier eg. Det kan du vel ha rett i.

Det blir stille igjen. Eg hører vatnet slå lett mot pålane under oss. Kanskje er det etterdønningar av ein båt som har passert langt der ute, utan at noen av oss har lagt merke til det.

Eg snur meg og ser oppover mot huset. Det ligg fint til der oppe, med utsikt heilt over til den andre sida av fjorden på dagar som denne. Dei høge trea skjermar for innsyn, og eg tenker at vi kunne gjort kva som helst ute på den vesle altanen eller i den graskledde skråninga ned mot fjæra, utan at vi ville sjenert noen. Ingen andre enn oss sjølv, vel å merke. Og i gamle dagar kunne det da også gå for seg her ute. Det var før dei dødde, alle vennene våre. No veit eg knapt om éin som er i live. Og stort fleire er det vel ikkje som veit at eg eksisterer heller. Verda er ikkje som den var, tenker eg. Den fortsett å vekse seg yngre mens vi som bur her, vi sakkar etter heilt til vi fell av.

Vi sakkar etter, seier eg til broren min.

Hæ? Han bøyer seg framover i stolen og myser mot meg igjen.

Ja, du seier dei vil ha det på data.

Ja, seier han. Nei, du veit, eg har ikkje noe greie på det der.

Nei, seier eg. At dei ikkje vil komme ut hit i staden. Kjenn på den friske lufta!

Eg ser at han ikkje hørte kva eg sa.

Det er stille ei stund før han lener seg mot meg og spør om eg trur på noe av dette tusenårssprøytet.

Sprøytet? seier eg.

Ja, seier broren min. Du veit, det blir no skrive så mykje om det. Alle datamaskinane som kjem til å bryte saman. Dommedag, er det vel til og med noen som trur. Det er ikkje måte på.

Når du formulerer det slik, seier eg, så ville eg jo – dersom eg svarte ja – samtidig erkjenne at det eg trudde på, var sprøyt. Eg ville framstå som ein idiot.

No smiler broren min for første gong i dag.

Så ville vi få slått to fluger i ein smekk, seier han.

Ja, seier eg. Det var ikkje dumt tenkt av deg, det der.

Eg ser bort på flaggstonga som ruver på plenen framfor huset. Skyene som flyt over himmelen bak det blafrende tøyestykket får det til å sjå ut som om heile stonga er i ferd med å falle ned over oss.

Dommedag ja, seier eg etter ei stund. Nei, kva skulle vel Herren ta seg bryet med å komme ned til oss for? For å sjå på fyrverkeriet?

Broren min svarer ikkje. Men litt seinare snur han seg mot meg. Nei, eg går inn og hentar litt kaffe, seier han. Så reiser han seg og blir ståande og svaie ei lita stund før han mistar balansen og fell i vatnet.

Broren min, han er nokså tung, når sant skal seiast, og tyngre har han visst blitt på sine eldre dagar. Det blir eit bra plask idet han bryt vassflata, og ei ikkje ubetydelig vassmengd sprutar opp på meg også, der eg sitt like ved sida av. Så blir det stille. Eg tenker at han får komme seg opp sjølv, eg er trass alt ein gammal mann, og det er svært begrensa kva eg kan gjøre i ein slik situasjon. Eg tenker litt på telefonen oppe i huset. Det ville ta meg lang tid å komme opp dit, og enda lenger tid før noen rakk å komme med hjelp. Dersom noen i det heile tatt skulle orke å ta seg det bryet. Og kva skulle det vere godt for? tenker eg, vi har jo ikkje meir å snakke om, vi sitt bare her og gjentar oss sjølv. Så eg blir sittande og vente på at broren min skal dukke opp av seg sjølv, men det gjør han ikkje. Nei, det går visst ikkje så bra for deg, dette her, seier eg høgt etter noen minutt og skottar over bryggekannten. Ikkje så mykje som ei krusing i vatnet er å sjå etter han. Eit augeblikk bekymrar eg meg for at han ikkje har vore her i det heile tatt, at eg bare har sete og innbilt meg alt saman, men så tullete kan eg trass alt ikkje begripe at eg har rokke å bli enno.

Eg reiser meg og blir ståande og svaie litt, på same måte som eg meiner at broren min nettopp gjorde. Eg ser opp mot huset og ser at lyset står på inne på kjøkkenet, og at ytterdøra er lukka. Det fyller meg med ei djup

ro å sjå at alt er slik, det er nesten som om det har flytta inn noen andre der allereie.

Så hoppar eg over bryggekanten.

Eg kjenner at den salte brisen rufsar lett i hårtjafsane mine, og i spranget føler eg meg ung og sprek igjen. Eg tenker noe slikt som at havet er det perfekte demokrati, der innbyggerane er vassdråpane og ung og gammal heile tida står saman og drar i same retning. Bare tull alt saman, naturlegvis.

EG GLØMTE HORATS

Ein skugge kjem opp ved sida av Eva der ho sitt, med beina strekt ut over bryggekannten og ryggen kvilande mot eit søppelspann. Ho legg ikkje merke til den før den er heilt nær, og da ho snur seg, står det ei due ved sida av henne. Eva ser på den: dei spinkle beina med gummiaktig, raud hud og det mørke hovudet som går heilt i eitt med resten av kroppen. *Eg har ikkje noe til deg*, seier ho og myser mot dua som har begynt å bevege seg hakkete og statisk bortover asfalten. Hovudet rykker fram og tilbake mens den går, det er ein primitiv mekanikk, tenker Eva, som gjør at den ikkje kan bevege beina utan at hovudet også må bevege seg. Som den gule tre-anda eg hadde som lita; når eg drog den etter meg i ei snor, rulla den hovudet rundt og rundt, som ein idiot. *Viss det er mat du vil ha*, fortsett ho, *må du spørje noen andre. Eg er eit matvrak, skjønner du. Eg et all maten min sjølv*. Dua ser ikkje ut til å bry seg. Dei oransje auga liknar små knappar som er limt fast til kvar side av hovudet, heilt ute av stand til faktisk å kunne sjå. Nei, det er ikkje slik, tenker Eva. *Eg har ikkje mat*, seier ho. *Fordi eg prøver å gløkke heile konseptet «mat»*.

Ho kjenner at det blåser inn frå fjorden. Ho må knipe saman sidene i boka slik at dei ikkje skal blafre ifrå henne mens ho les. Det er under ein månad igjen til eksamen i latin. Om under ein månad er det over. Da kan eg glømme Dumnorix og Divicio, tenker ho, og sitte her saman med Brit og Caroline og drikke billigøl mens sola går ned bak silhuettar av marinesoldatar som står oppe på dekk på dei store fregattane. Eva tenker på kor fint det hadde vore i fjor, da butikkane slost om å selje det billigaste ølet og ho hadde hatt noe på gang med ein gut frå Stord. Ho hugsar at ho hadde syntest han likna på vokalisten i Jim Stärk. No hører ho at magen rumlar, og ho svelgjer unna spyttet som samlar seg i munnen. Eg skal kjøpe ein banan til deg på veg heim, seier ho til magen sin. Men eg må lese ferdig først. Ser du? Heilt hit skal eg lese. Eg skal ha eksamen om under ein månad, eg er nøydd til å lese heilt til kapittel 25 før eg beveger meg herfrå, elles går det ikkje, skjønner du det?

Eva er oppgitt over magen sin.

Det første halvåret etter at ho flytta heimanfrå, klarte ho å ete ganske lite. Av og til kunne ho klare seg med bare ei brødskive om dagen. Ho blei stolt langt inn i seg da ho var heime i juleferien og mora påpekte kor tynn ho hadde blitt, da ho ville kjøpe ei bukse til henne i julegåve. Men no har ho est ut igjen. Som ein bolledeig, tenker ho når ho ser korleis magen pressar seg ut over linningen på den same buksa no. På grunn av Eirik. Det var da ho blei saman med han at ho mista disiplinen. Eirik

ville bare ete usunn mat og fikk henne til å drikke øl nesten kvar kveld. Sjølv om det er nesten to år sidan det blei slutt mellom dei no, har ho ikkje klart å venne magen av med alle vanane den la seg til. Ein mage er eit barn, tenker Eva. Ein må oppdra den og ikkje skjemme den bort. Elles veks den bare til og blir ein dritsekk.

Etter ei stund skyar det over. Vatnet blir mørkt, og glitteret frå sola søkk ned mot botnen. Eva myser opp mot himmelen og ser at det kjem til å ta lang tid før sola kjem fram igjen. Det er like greitt å gå heim, tenker ho. Det er ikkje så varmt at ein kan sitte her ute når det ikkje er sol. Ho reiser seg og slenger veska over skuldra. Like bortanfor står ein mann og puttar flasker inn i gjenvinningskonteinaren. Flaskene slår mot kvarandre der inne, men ho hører ikkje at dei blir knust. Ho opnar veska og lirkar fram hovudtelefonane. Etter at ho har sett dei på hovudet, ventar ho litt med å skru på musikken. Ho vil høre ferdig lyden av flaskene i konteinaren. Når ho kastar flasker i konteinaren sjølv, pleier ho å slenge dei mot veggane av full kraft. Ho likar at det finst stader der vaksne menneske kan komme og knuse glas så mykje dei vil utan at noen blir sinte for det.

Da mannen er ferdig, er bare måkeskrika tilbake.

Eva går over Torgalmenningen mens ho hører på musikk. Av og til kjem ei stripe sol inn over steinhellene, og Eva tenker at ho kunne ha sete ved bryggekannten litt lenger. Men så forsvinn stripa inn i skuggane igjen, og ho tenker at ho gjorde nok det riktigaste likevel.

Eva tenker at ho kan gå innom biblioteket på veg heim. Ho kan sjå om dei har den satiren av Horats som ho aller-
eie burde ha lese for lenge sidan. Det gjør henne fornøgd at
ho kom på den tanken akkurat no, for vanligvis har ho
komme på det lenge etter at ho har gått forbi biblioteket,
og da har ho vore for lat til å snu. Det er noe med det å snu
og gå tilbake, tenker ho. Det følest som ei innrømming. Ei
ubehagelig innrømming, særlig viss det regner.

Men no er det endelig lite som tyder på regn. Skyene
er tynne og ufarlige, og måkene har store flater av kvit
himmel å segle over.

Langs Lille Lungegårdsvann sitt det menneske på alle
dei grønmala benkene. Eva må konsentrere seg for å
komme forbi sekkane og barnevognene utan å dulte
borti dei og miste balansen. Ho kastar raske blikk på t-
skjortene til dei ho passerer. Den beste synest ho er den
som det står *One by one the penguins stole my sanity* på.
Den har ei søt teikning av pingvinar på seg. Den neste er
kjedelig. *Fly away*, står det bare. T-skjortene er viktigare
enn folk trur, tenker ho.

Ho nærmar seg fotgjengarfeltet.

Trea langs vegen er så beskore at dei ser ut som mørke
hender med avstumpa fingrar no før det har komme lauv
på dei. På den andre sida av vegen står det ein gut ho
kjenner igjen. Han stoppa henne ein gong og spurte kva
mobilabonnement ho brukte. Eva svarte at ho ikkje
hadde mobiltelefon. Du *har* ikkje mobiltelefon? hadde
han gjentatt og sett på henne med eit blikk som Eva

hadde tenkt at det ikkje var særlig lurt å sende til ei ein planla å gjøre til kunde. Nei, hadde ho bare sagt og gått. Etterpå såg ho for seg korleis han hadde stått igjen og måpt etter henne. Dei er så enkle, tenkte ho. Dei blir heilt sett ut når noe ikkje er akkurat som dei trur. Og der står han igjen. Eg håper han spør meg igjen, så eg kan fortelje det same ein gong til.

Men da det blir grønt, går guten rett forbi henne.

Eva snur seg og ser etter han. Han har logoen til Combitel på jakkeryggen. Han kjente meg igjen, tenker Eva. Så merkar ho at ho har blitt svolten igjen. Hysj, du kan ikkje rumle slik inne på biblioteket, seier ho til magen sin. Det er strengt forbode.

Ho må stoppe og spytte når ho kjem over på den andre sida av gata.

Så går ho opp trappene og haler opp den tunge døra. Det er lenge sidan ho har vore på biblioteket. Ho innser at ho ikkje aner kor ho skal begynne å leite for å finne Horats. Ho stiller seg i kø framfor utlånsskranken og spør etter satiren da det blir hennes tur.

Ja, får eg låne boka litt? spør dama bak skranken og strekker fram handa.

Nei, svarer Eva. Eg lurte på om *eg* kunne få låne den.

Å, svarer dama. Da må du spørje i informasjonsskranken der inne. Hit må du komme *etter* at du har funne boka di.

Eva raudnar og går ut av køen. Da ser ho plutselig Eirik inne i hovudsalen.

Før ho veit ordet av det, har ho sprunge bak ei bokhylle og gjømt seg. Det er som om tankane ikkje klarer å henge med på den brå bevegelsen, for først etter at ho har stått stille eit sekund, fell dei inn i henne igjen og spør henne kvifor ho gjorde det. Er du redd for han, så lang tid etter? spør dei. Eva føler at ho må forsvare seg. Eg vil ikkje snakke med han, tenker ho mens ho bit tennene saman. Eg kan ikkje oppføre meg normalt når han er framfor meg. Dessutan vil eg ikkje helse på den jenta han er saman med. Ho er altfor blond og ekkel. Eg er flau over å ha vore saman med ein som vil vere saman med slike jenter etterpå. Eg vil ikkje at han skal introdusere oss for kvarandre og så sjå på meg og så på henne og tenke at ho er best.

Eva blir ståande bak bokhylla til ho trur dei er ute av rommet. Da hører ho plutselig Eiriks stemme bak seg. Han og den nye kjærasten står på den andre sida av hylla. Eva krympar seg og tenker at ho ikkje må lage ein einaste lyd. Men akkurat da rumlar magen hennes høgt og audmykande. Eva raudnar igjen og møter blikket til Eirik over bokryggane. Like etter har han komme rundt hylla og stilt seg framfor henne.

Eva! seier han. Det var lenge sidan.

Eva tvinnar fingrane saman og nikkar.

Ja, seier ho og svelgjer slik at a-en blir rar og bølgete.

Så tynn du har blitt, seier han. Du må helse på Eline. Eline: Eva. Eva: Eline. Han tvingar dei til å helse og smile til kvarandre.

Hyggelig, seier Eline.

E, E, E, seier Eva. Vi kunne stilt oss i bokhylla under «E».

Eirik og Eline ser på kvarandre og ler kort.

Vi leiter etter ei bok til Eline, seier Eirik. *Maktens korridorer*, var det ikkje det den het?

Mm, seier Eline og kastar på hovudet for å få håret bort frå ansiktet.

Ho studerer statsvitskap, seier Eirik.

Er det sant at du synest eg har blitt tynn? seier Eva.

Ja, seier Eirik, men det kler deg.

Eva smiler. Så rumlar magen hennes igjen.

Jøss, seier Eirik. Har du slutta å ete, eller?

Eva blir varm. Ho irriterer seg over at ho glømt å kjøpe den bananen ho hadde lovt magen sin.

Du kan sikkert bli med oss, fortsett Eirik. Vi tenkte oss ein tur på Dolly etterpå. Viss du vil, altså.

Eline ser på henne.

No skal brannalarmen gå, tenker Eva. Viss dette hadde vore på tv, hadde brannalarman gått akkurat no, for manusforfattarane ville ikkje greidd å finne på ein replikk som passar her. Men i staden er det noe anna som skjer. Da Eva har laga grimasar og sagt *hmmm* så lenge at dei umulig kan tru at ho virkelig står og lurar på om ho skal takke ja eller nei til tilbodet lenger, fell plutselig tre tjukke solstadromanar ned frå den øvste hylla og treffer Eline midt i hovudet. Det er som om noen skrur henne av; uttrykket i ansiktet hennes forsvinn heilt, og ho søkk ned på golvet.

Herregud! hylar Eirik og kastar seg ned på huk.

Ein bibliotekar tittar forskremt fram bak hylla og finn ikkje på noe anna å seie enn eit spakt *oi*.

Eline kviknar raskt til igjen og begynner å gråte. Eirik legg armene rundt henne slik at t-skjorta glir opp frå buksa og Eva får eit glimt av den fleskete ryggen hans. No! tenker ho, og så listar ho seg ut. Utan å tenke over det spring ho tilbake den same vegen som ho kom, omgivnadene glir bare forbi henne, og ikkje før ho er nesten framme ved Vågen, stoppar ho opp og tenker: Er eg *her* no?

Så oppdagar ho at skyene har forsvunne mens ho var inne på biblioteket. Ho kjenner at sola varmar godt i kinna. No skal eg ha ein melisbolle, tenker ho plutselig og går inn til ein bakar. Ho peker på ein stor og klissete bolle som er varm gjennom papirposen når ho held den i hendene. Så går ho ut igjen.

Framfor seg ser ho den lyse aprilhimmelen som gjør konturane til Shetlands-Larsen fine og skarpe der han står oppe på sokkelen sin. Profilen minner litt om ein trist klovn med lange stylter innanfor buksene sine.

Eva sett seg på ein benk. Bak henne klirrar glas frå menneske som allereie har starta utepilssesongen. På eit nettinggjerde kan ho sjå eit treskilt der det står påmala «parkering forbudt for uvedkommende». Det seier seg vel sjølv, viss dei er uvedkommande, tenker ho. Ho prøver å finne på ei alternativ formulering som ville vore betre, men gir det opp da ho ikkje kjem på noe med ein gong. Detaljar er viktigare enn folk trur, tenker ho bare.

LEGGJE KORTA PÅ BORDET

O ppvaskmaskinen stansar ute på kjøkkenet. Eg gløttar bort på Sofie, men det ser ikkje ut til at ho har lagt merke til at det plutselig er blitt stille. Det blålige lyset frå skjermen flimrar mjukt over ansiktet hennes, får det til å sjå ut som om ho sitt under vatn. Eg har prøvd å fortelje henne at vi har vanlige kortstokkar, om ho ikkje heller vil legge kabalane på den gode, gamle måten, men ho føretrekkjer å gjøere det digitalt. Når kabalen går opp, har ho forklart, er det som om korta blir levande og dansar over heile skjermen. Det kjem små knepp frå museknappen kvar gong ho flyttar eit kort på pc-en. Av og til kan eg sjå at ho seier ting til seg sjølv, men for lågt til at eg hører kva det er. Eg lar blikket falle ned på dei gulna sidene i boka eg har sett meg for å lese. Det er varmt i stua, eg føler meg nomen og dorsk etter middagen. Enno kan eg kjenne ein svak os henge igjen frå den steikte auren.

Etter ei stund slår ho av datamaskinen og skyver stolen bakover. Ho blir ståande ei stund som for å kontrollere at maskinen virkelig skurrer seg av, så spør ho om ho skal hente litt vin. Det hadde vore godt, svarer eg. Like etter står det to halvfulle glas på bordet, og ho har sett seg i sofaen ved

sida av. Eg kan sjå at ho bøyer seg fram etter eit kryssordhefte og fyller ut noen ruter før ho legg det frå seg igjen.

Du Jens, seier ho.

Mhm.

Er det noe i vegen?

I vegen? seier eg.

Du seier jo ingen ting.

Sofie fører vinglaset opp til leppene og stirar på meg over randa, utan å drikke.

Eg les, seier eg.

Eg meinte litt meir generelt enn bare no, seier ho. Synest du ikkje vi snakkar sjeldnare saman enn vi pleidde å gjøre før?

Sofie, da, seier eg. No må du ikkje bli ein sånn som tar alt så personlig.

Eg strekker meg etter vinglaset. Utanfor vindua har gråvêret blitt borte i mørket. Eg hører sirener frå ein utrykkingsbil ein stad langt unna. Under gatelyktene glitrar eit tynt duskregn.

Sofie kremtar ved sida av meg.

Noen gonger får eg ein følelse av at det er noe du skjuler for meg.

Eg ser på henne. Ho ser skrøpelig ut med det ustelte håret og den bøygde ryggen. Alderen har begynt å sette seg i henne, tenker eg.

Kva i all verda skulle det vere? seier eg.

Nei, seier ho, eg veit ikkje.

Eg prøver å lese vidare, men eg greier ikkje å konsen-

trere meg. Eg tenker på salva eg fikk mot soppinfeksjonen rundt lysken: Har ho vore i nattbordsskuffa mi og funne den? Og så blitt fornærma fordi eg ikkje har vilja dele denne usle, private bagatellen med henne? Det er slett ikkje umulig, tenker eg og kjenner at det gjør meg irritert.

Litt seinare gjentar eg det for henne: Eg skjønner virkelig ikkje kva det skulle vere eg held skjult for deg. Da reiser ho seg og seier: No kranglar vi ikkje meir, Jens.

Ho tar med seg dei tomme vinglasa og går ut på kjøkkenet. Så hører eg at det suser i røra frå badet, og at døra til soverommet blir lukka.

Eg blir sittande ei stund og bla i boka mi, men så legg eg den frå meg og reiser meg. Eg kjenner meg rastlaus. Eg får på meg tøflane og går over golvet. I hjørnet står skapet der eg er sikker på at eska med spelkort ligg. Eg sett meg på huk og opnar dørene, ei gammal og inne-stengt lukt slår imot meg. Inne i skapet ligg slitne barnebøker og eit samanfolda ludobrett, teikneblokker, ein plastpose med feittete fargestiftar som alltid må fram når barnebarna kjem på besøk. Eg flyttar på dei og tenker at eg vil legge korta på bordet før eg går og legg meg, slik at Sofie finn dei der når ho kjem ned i morgon tidlig. Men eg finn ikkje korta, og med eitt slår det meg at vi kanskje har komme til å kaste dei ein gong under ein eller annan ryddesjau, var det ikkje slik at det mangla noen kort?

Det begynner plutselig å klø i lysken. Eg klør meg på trass, sjølv om eg veit at det bare vil gjøre vondt verre. Etter

ei stund gir det seg. Eg grip ein gammal speledåse eg har fått auge på, og reiser meg. Skapdørene blir ståande opne, som to armar strekt ut mot den mørke stua. Eg går inn på kjøkkenet mens eg sveiver opp speledåsen. Når eg slepper det vesle handtaket, begynner den å spele *Måneskinnsnotten* i eit litt for langsamt tempo. Eg sett dåsen frå meg på kjøleskapet og løyser på beltet. Stolen er kald mot baken idet eg drar buksene ned på knea og sett meg ned. I det svake lyset ser eg korleis utslettet liknar ein blåfiolett skugge over låret og lysken. Eg tenker på ubehaget da eg hadde sete slik og latt legen få inspisere meg i det skarpe lyset på legekantoret. I fleire veker hadde eg venta for å sjå om det ville forsvinne av seg sjølv, før eg til slutt hadde ringt for å bestille time. Til Sofie hadde eg sagt at eg hadde ein avtale med ein gammal kamerat frå lærarskolen, vi skulle ta ein øl og sjå overføringa av ein fotballkamp.

Eg drar fingeren forsiktig langs kanten av utslettet. Det er ei veke sidan eg begynte med salva, men legen sa det kunne ta litt tid før eg merka betring. Eg snur meg og ser ut gjennom vinduet: av og til hører eg den brusande lyden av ein bil som kjører forbi over den våte asfalten. Mellom tretoppene kan eg sjå månen komme fram og forsvinne igjen bak dei drivande skyene.

Til slutt motstår eg ikkje freistinga lenger og begynner å klø. Friksjonen frå neglene gjør huda varm og øm. Eg aukar tempoet og legg hovudet bakover, kjenner korleis svien blir tvinga vekk og erstatta av noe som liknar det motsette, eit intenst velbehag.

Plutselig blir eg oppmerksom på at Sofie står i døropp-
ninga. Eg kvepp til, og i ein fei får eg dratt på meg buksene.

Her sitt du altså og får tida til å gå, seier ho med kvar-
dagslig stemme.

Sofie, da, seier eg og reiser meg. Du trur da vel ikkje
for alvor at ...

Eg blir ståande midt på golvet mens ho går bort og
hentar eit mjølkeglas. Ho skrur på springen og fyller det
med vatn. Nattkjolen heng laust rundt henne, kvit med
små snirklete broderi rundt halsen og ermene.

Hør her, Sofie, seier eg. Eg har altså vore hos legen og
fått ei salve. Det dreier seg om, ja, ein infeksjon i lyske-
partiet. Eg skulle vel ha fortalt deg om dette, men eg
synest no ein gong at det er litt ...

Sofie trekker ut den andre stolen og sett seg ved bordet.

Eg er ikkje dum, Jens.

Nei.

Eg kjenner deg vel godt nok til å sjå at noe er i vegen.
Alle kan bli sjuke.

Det er ikkje det eg meiner.

Eg går bort til kjøleskapet og trekker opp speledåsen
igjen. Det er rørende på ein måte, med den mekaniske
og følelseslause musikken som siv ut i lufta.

Hugsar du denne? seier eg.

Jens, seier ho.

Kjøpte vi den ikkje i Bratislava ein gong?

Kan du komme og sette deg.

Eg går bort og sett meg ved bordet.

Det er noe eg vil seie deg, seier ho.

Ho gjespar og drikk av glaset. På veggen heng ei brødfjøl dottera vår laga på sløyden da ho var lita. Ein hest er klossete svidd inn med trådbrennar, i det eine hjørnet står årstalet: -76. Det slår meg at fjøla har hange på den same plassen i fleire tiår, som ein freske. Eg ventar, men Sofie seier ikkje meir. Eg spør ikkje kva det var ho ville seie, men etter ei stund fortel eg korleis legen bad meg om å «lufte ut» der nede, at det er viktig at det ikkje blir klamt og innestengt. Det såg kanskje litt verre ut for deg, ja, seier eg og forsøker å le. Sofie ser bare på meg og seier: mh. Som om ho har tankane ein heilt annan stad.

Så reiser ho seg og går eit stykke ut på golvet.

Klokka er mykje, seier ho.

Eg kjem snart, seier eg.

Eg hører skritta hennes over golvet mot soverommet. Idet ho er borte, legg eg merke til at speledåsen har slutta å spele igjen. Eg reiser meg og grip vassglaset som har blitt ståande igjen på bordet. Det har sett seg små luftboblar på innsida av det, synet minner meg om sjukdom og død. Eg slår resten ut i springen og sett glaset frå meg. Eg tenker på det Sofie hadde fortalt tidligare: Når kabalen går opp, er det som om korta blir levande og dansar over heile skjermen. På veg til soverommet prøver eg å sjå det for meg, eg greier det ikkje, men eg tenker: Det kan vere det same.

Om *Eg er ikkje redd, eg er ikkje redd* (2008):

«Rune F. Hjemås har debutert med ei perle av ei bok. *Eg er ikkje redd, eg er ikkje redd* er ei prosasamling det er umogleg å leggje ifrå seg før ho er ferdiglest. [...] *Eg er ikkje redd, eg er ikkje redd* er ein sterk og velskriven debut frå ein forfattar som er vel verd å merke seg.»

SARA MYHREN KORNBERG, UNDER DUSKEN

«Det er tvillaust at mange av dei poengterte tekstene frå kvardagslivet så vel som dei som skriv seg ut av og vekk frå alle grenser i fri, fabulerande glede viser både evne og talent. [...] det er mange kjende forfattarar som har debutert mindre overtydande enn dette.»

HANS H. SKEI, AFTENPOSTEN

«Prosalyrisk debut med presise observasjoner og fortellertalent.»

LINDA KASPERSEN, ADRESSEAVISEN

«Rune F. Hjemås har levert en solid debut.»

GRO JØRSTAD NILSEN, BERGENS TIDENDE

«Han ser litt ut som en sånn emo-fyr, så æ va litt bekymra da æ skull plukk opp boka - men æ vart frøktelig imponert da, og æ håpe det kjæm mere frå'n!»

MATHIAS SAMUELSEN, STUDENTRADIOEN I TRONDHEIM

«Rune F. Hjemås syner med godt handverk og stor sensitivitet at han verkeleg har noko å fare med som forfattar.»

ODD W. SURÉN, DAG OG TID

«Her er det treffsikre skildringer av åttitallsoppvekst og nære, fine bilder av kjærlighet og forelskelse, og plass til både gjenkjennelse og overraskelse. *Eg er ikkje redd, eg er ikkje redd* kan leses i et gisp, eller konsumeres litt og litt. En fornøyeleg, liten leseopplevelse.»

DET NYE

«Her finst brokkar av minner, refleksjonar, humoristiske fabuleringar og kvardagsmagi; Hjemås flettar dei ulike elementa kyndig saman i ei lita bok som rører og løftar lesaren. Her er nostalgi utan seige etterslep, i akkurat passe dosar. Nett det du treng no seinhaustes; tekstar som kjem deg i møte.»

SOFIE BRAUT, STAVANGER AFTENBLAD

«Rune Hjemås serverer presise og litt vemodige øyeblikksbilder i debutboka «*Eg er ikkje redd, eg er ikkje redd*». Ikke alle prosatekstene er like betydelige, men de fleste røper et blick og en stemme med særpreg. [...] Hjemås' sensibilitet, blick og humor lover godt for fortsettelsen.»

MAYA TROBERG DJUVE, DAGBLADET

«Jeg døper deg herved til litteraturens Conor Oberst.»

LINDA KLAKKEN I PRIVAT MELDING PÅ UNDERSKOG